



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
14.08.2014
Dykkar dato
20.06.2014

Vår referanse
2014/2580 - 561
Dykkar referanse
201307004

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om auka slukeevne i Horpedal kraftverk, Sogndal kommune

Vi viser til oversendinga datert 20.6.2014.

Fylkesmannen meiner det vil vere akseptabelt for naturmiljø og friluftsliv at slukeevna vert auka til å utgjere 93 % av middelvassføringa. Vi meiner at det samstundes bør stillast krav om minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring også i vinterhalvåret.

Horpedal kraft AS søker om å få auke slukevna i Horpedal kraftverk i Bøyavassdraget frå 1,44 m³/s til 1,87 m³/s (93 % av middelvassføringa). Det er fastsett minstevassføring på 0,116 m³/s (alminneleg lågvassføring) i sommarhalvåret, men gjeldande konsesjon har ikkje krav om minstevassføring i vinterhalvåret.

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfiskloven og ureiningslova. Vidare legg vi vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Etter utvidinga vil slukeevna framleis vere låg samanlikna med det som er vanleg for småkraftverk. Utvidinga vil i følgje søknaden redusere vassføringa med 0,43 m³/s i sommarhalvåret når vassføringa i elva normalt er høg på grunn snø- og bresmeltinga. Vi reknar med at endringa vil auke tal dagar med tørrlagt elv i vinterhalvåret.

Når ein vesentleg føresetnad for drift av kraftverket som nivået på slukeevna eventuelt skal endrast, meiner vi det vil vere riktig å nytte høvet til å fastsette eit meir miljøtilpassa vassføringsregime for elva. Gjeldande vilkår legg opp til at elva kan tørrleggjast totalt i vinterhalvåret. Det gjev sjølvstekt dårlege levevilkår for naturmiljøet på utbyggingsstrekninga, og det er ikkje heldig at talet på dagar med tørrlagt elv aukar. Dette råkar også ein anadrom strekning. I høringsfråsegna vår datert 20.5.2002 påpeikte vi dette, og at det øvst på strekninga var potensielle gyteområde. Tørrlegging av elva er ikkje i tråd med føringane i naturmangfaldlova, og i dag ville det ikkje vore gjeve konsesjon til utbygging utan krav til minstevassføring heile året.

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk tilstand. I tilstandsklassifiseringa etter vassforskrifta er Horpedalselva sett i «moderat tilstand», og i tiltaksanalysen står elva med «godt økologisk potensial». Eit viktig tiltak for å betre tilstanden i elva vil openbart vere å sikre vassføring heile året.

Sjølve utvidinga av slukeevna meiner vi vil få akseptable konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv. Vi ser også at det kan vere gunstig å leggje til rette for noko høgare utnytting i eit allereie utbygt vassdrag. Vi vil likevel tilrå at eventuell utviding av slukeevna vert knytt til at

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

minstevassføringa vert gjort gjeldande for heile året, for å sikre levevilkår for artar som lever i og ved elva.

Det har nettopp vore på høyring ei pakke på seks kraftsøknader i Fjærland, der søknadene er vurderte enkeltvis og samla. Etter vår vurdering vil ei eventuell utviding av slukeevna i Horpedal kraftverk ikkje påverke den samla vurderinga av konsekvensar for natur og friluftsliv for desse prosjekta i nemneverdig grad.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Sogndal kommune